

INNKALLING TIL KRINSTING 2010

NBF SOGN OG FJORDANE.

NBF Sogn og Fjordane kalla 21.3.2010 inn til krinsting på Skei, møterom Esso, 25. april kl.12.00. Endeleg innkalling sender vi 10.4. ut på epost, og kunngjer på kretsen sine sider.

Sakliste:

- 1 Godkjenne representantane sine fullmakter.
- 2 Val av ordstyrar og skriar.
- 3 Godkjenne innkalling og sakliste.
- 4 Val av to personar til å underskrive protokollen.
- 5 Årsmelding. Vedlegg 7.
- 6 Rekneskap.
- 7 Vedtektsendringar. Forslag er ikkje kome inn, og punktet går ut.
- 8 Innkomne saker. Forslag som er kome inn, vert samordna med punktet om turneringsavvikling.
- 9 Budsjett, kontingent
- 10 Val

Frist for innsending av forslag var 6. April. Saker som vert behandla:

1. Rekrutteringspris, sjå vedlegg 1.
2. Vurdering av krinstinget: Det er meldt inn spørsmål om vi bør ha årleg krinsting.
 - a) Fordel med årleg Krinsting: Vi unngår at heile styret står på val på same tid. Det er viktig med kontinuitet. Styret får kontakt med klubbane, og kan henta signal frå desse.
 - b) Ulemper: Samling til Krinsting kostar tid og pengar. Eit anna element er at Krinsting ikkje har hatt så god deltaking.
 - c) Muleg løysing: Arrangere Krinsting saman med ei turnering over to dagar, der den eine dagen er lite belastande spelemessig.
 - d) Ein kan og vurdere ei løysing dei prøver i Midt-Trøndelag, med Krinsting annakvart år og Klubbleiarsamling i mellomliggende år. Dei oppnår då kontakten med klubbane, men sikrar ikkje kontinuiteten.
 - e) Saka blir lagt fram for Krinstinget, men styret foreslår ikkje endring for komande periode. Ei evt slik endring i gjennomføring krev ikkje vedtektsendring, men bør vurderast i komande periode saman med at ein lagar ein plan for korleis krinsen bør arbeida. Sjå gjerne arbeid lagt ned av Midt-Trøndelag krets, <http://1800.bridge.no/> om handbok og handlingsplan for kretsen.

3. Turneringsavviklinga i krinsen: drøfting.

Under dette punktet tek ein med innspel frå Skjolden ved JF Bolstad, sjå vedlegg 2 og 3. Dessutan innspel frå Skogen, sjå vedlegg 4. Innspel frå lag Balevik og H Skjæran, vedlegg 5, og referat frå styremøte 07.04.2010, vedlegg 6.

NBF Sogn og Fjordane

For styret

Gunn M Angelskår
-sekretær-



Kvart år held NBF ein juniorleir i veka før Bridgefestivalen. Her kan juniorar, som ønskjer å lære meir om bridge, kome saman med likesinna og spele bridge frå måndag 26. juli til fredag 30. juli. (Om ein ynskjer det kan ein innlosjere seg søndag kveld.)

Det er ingen krav når det gjeld ferdigheiter og ein treng heller ikkje ha med seg ein makker. Juniorveka legg opp til at ein får prøve seg på i ulike turneringsformer som td; lagkamp, lynbridge, singelturneringar, monrad og patton. Dette høres kanskje "gresk" ut for ein nybyrjar, men dette er turneringsformer som viser at bridge ikkje berre er den klubb-bridgen som ein spelar til dagen.

Korleis programmet til Juniorveka 2010 vil sjå ut, er pr dato ikkje klart. NBF vil på sine sider legge ut dette så snart det blir klart. (<http://bridgefestival.no/modules.php?name=News&file=article&sid=568>)

Sogn og Fjordane Bridgekrins vil i år sende to juniorar til NBF sin juniorleir, der ein dekkjer påmeldingsavgift (800kr) og reisegodtgjersle (600kr). Påmeldingsavgifta dekkjer kost og losji.

Kriteria for å få prisen er:

- Må vere under 26 år (junior tom fylte 25).
- Må ha tatt kurs for mindre ein 3år sidan.
- Må ha deltatt aktivt og vist genuin interesse for bridgen.
- Ha deltatt på minst 10 klubbkveldar.

Det er klubb som må kome med tilrådingar om kven dei vil fremje, og sende desse til kretsen. Vinnarane vil bli annonsert etter loddtrekning på kretstinget!

NB: Prisen må nyttast. Den kan ikkje seljast eller givast bort!

Om vinnaren av ein eller annan grunn ikkje kan fare vil prisen gå vidare til neste junior på lista.

Med prisen ynskjer Sogn og Fjordane Bridgekrins å skape ei ekstra gulrot til dei nye juniorane som tek, eller har tatt kurs i dei ulike klubbane.

Vi oppfordrar samtidig alle klubbar til å informere sine juniorar om Juniorleiren 2010. Her bør klubb bidra til å sponse deler av, eller heile påmeldingsavgifta! Kretsen stiller seg ikkje avvisande til å delta økonomisk her!

La klubbutsendingen ta med klubben sitt forslag på kandidat til rekruttprisen på tinget.

Vedlegg 2.

Hei

Har ikkje fått tid til gjennomarbeide dette, men har sett litt på reiseavstandar. Kretsen vår om du ser Måløy, Masfjorden, Skjolden, Udal som utkantane, ca 4 timar i bil å køyre på tvers.

Legg ved eit rekneark med reisetider i følgje nettstaden Visveg.no.

Å desentralisere spelinga er no eit steg kretsen må ta. Førde miljet er sterkt og godt, kvalitetsmessig, og dei dominerar i kretsen. Det er bra, og det må me ha. Men me treng no å styrke Sogn, for miljet og nivået her sakkar akterut.

Får ein eit nytt spelehotell på Skei, kan dette vere ei løysing, men og spreie det ut som vedlagt oppsett vil vere vel så bra.

Ein dags turneringar treng ikkje å bli spelte på eit hotell, i vertfall ikkje om hotellet skal ha noko for det.

Td salen på Hafslo, er gratis å bruke, og ein har god mat ordning.

Vil og nemne at ein bør ha festmiddag på to dagars turneringar ala KM par. Dette som å styrke det sosiale.

Finne eit hotell som kan vere med på å gi oss ei pakke på dette.

Kanskje eg kan vere med å bidra.

Divisjon må leggest til Leikanger (fylkeshuset) 3+4.div., midt mellom Bergen og Ålesund. Mixen på Hafslo

Til slutt: Bridgekurs med tanke på hybelbuarar i Sogndal, Førde og evt andre tilsvarandre plassar i kretsen. Me treng yngre krefter, ikkje berre snakke om at me treng dei!

Muleg eg kan utdjupe meir fram mot tinget, men det er ikkje sikkert eg sjlv kan stille på tinget.

Jan Frode Bolstad

Skjolden BK

Spelestader:

KM Par Skei m/festmiddag.

KM Mix Hafslo. Søke aktivt mot Årdalsmiljø og damer.

KM Lag Førde 1 dags

3.div Leikanger, Ålesund, Bergen

4.div Leikanger og Førde

Kretsting Skei

Sonemeisterskap Hafslo, Førde, Vadheim, Eid

Bridgekurs Sogndal og Førde :Hybelbuarar

Vedlegg 3.

Reiseavstandar:

Måløy	Årdal	03:56
Måløy	Skei	02:02
Måløy	Leikanger	03:22
Måløy	Sogndal	02:59
Måløy	Førde	02:45
Masfjorden	Årdal	04:12
Masfjorden	Skei	02:52
Masfjorden	Leikanger	03:07
Masfjorden	Sogndal	03:32
Masfjorden	Førde	02:07
Skjolden	Skei	01:51
Skjolden	Leikanger	01:17
Skjolden	Sogndal	00:53
Skjolden	Førde	02:33
Årdal	Skei	02:07
Årdal	Leikanger	01:33
Årdal	Sogndal	01:09
Årdal	Førde	02:49
Aurland	Skei	02:11
Aurland	Leikanger	01:37
Aurland	Sogndal	01:13
Aurland	Førde	02:53
Sandane	Leikanger	01:58
Førde	Leikanger	01:58
Årdal	Leikanger	01:33
Skjolden	Leikanger	01:17
Aurland	Leikanger	01:37
Masfjorden	Leikanger	03:07
Måløy	Leikanger	03:22

Vedlegg 4.

Fra: Skogen [mailto:laskogen@online.no]

Sendt: 6. april 2010 11:02

Til: Hegrenes, Åsbjørn

Emne: Forslag til krinstinget 25. april

Hei Åsbjørn.

Kan du bringe vidare eit forslag for krinstinget 25.april.

Eg synes km-par finalen burde avviklast tidligare på vinteren. 2.helga i mars er ei av dei sikraste for skiutfart. Skulle veret vere bra kan ein ikkje sitje inne heile helga. For oss med små barn er der alltid alpinrenn så seint på våren. Tidligare på vinteren er det fort veldig kaldt om veret er bra.

Mvh Audun Skogen

Vedlegg 5.

Fra Harald Skjæran *Emne:* SV: arrangement

Hei Synnøve

Jeg har for lengst satt opp et forslag til oppsett for neste års SM, men det er ikke endelig godkjent ennå.

Det ligger dog an til ei egen pulje i NBF Sogn og Fjordane, med ni lag fra egen krets og ett fra Hordaland.

Hermansverk kan sikkert være et godt alternativ til Førde, som ellers er det arrangørstedet jeg ville foreslå.

Det bør kretsstyret ta stilling til snarest.

Med vennlig hilsen

*Harald Skjæran***

Fagsjef

Fra: Synnøve Balevik *Emne:* arrangement

Hei. Prøver å vere i forkant av neste sesongs arrangement. Det er viktig

at ein prøver å legge til rette slik at ein kan klare å gjennomføre arrangementa slik at ein kan vere med.

Underteikna har ei dotter i Ålesund og veit kor lang tid det tek frå Balestrand for å kome dit.

Det er heilt uråd å gjennomføre ei reise og så spele bridge på ei helg. Difor ber vi om at arrangementet kan organiserast på Hermansverk.

Med helsing Synnøve Balevik

Vedlegg 6.

Sogn og Fjordane Krins av Norsk Bridgeforbund

Referat frå styremøte 7.4.2010 kl 16.30.

Møtet vart halde som telefonstyremøte, med Helge Sæterdal, Åsbjørn Hegrenes, Geir Hoff og Torveig Botnen samla i Førde, og Kai Lille-Homb og Gunn Angelskår samla i Leikanger.

1. E-post frå lag Balevik til NBF, og Harald Skjæran sitt ynskje om reaksjon frå styret vart drøfta. Saka gjeld kvar 3.div skal avviklast komande sesong. Lag Balevik foreslår Leikanger. Styret bygger si avgjerd på følgjande:
 - a. Ulempene med reiser er nokså ulikt fordelt mellom dei spelande laga.
 - b. Ved å flytta arrangementet til Leikanger, veit ein ut frå erfaringar med 4.divisjon, at ein kan oppfylle krav til arrangement som NBF set, men tilbod om overnatting på lokalt hotell vert ein del dyrare pr reisande lag.
 - c. Det vert fleire lag som må reisa om arrangementet vert lagt til Leikanger, sannsynlegvis 3 ekstra lag dette året. Totalt sett vert derfor Leikanger dyrare arrangementstad.
 - d. Styret vil derfor sjå etter andre måtar å fordela ulempene på, t.d. ved å innføra reiseutjamning. Dette vert teke med i drøftingssak på tinget, med tilråding frå det noverande styret.
 - e. Krinsleiar melder frå til NBF at vi tilrår Førde som arrangementsstad, men at NBF kan vera trygg på at krinsen klarar å avvikla arrangementet i samsvar med krava, enten det vert halde på den eine eller andre staden i Krinsen.
2. Krinstinget.
 - a. Utkastet til Årsmelding vart drøfta og justert. Gunn sender redigert versjon til dei andre torsdag kveld, tilbakemeldingar kjem i løpet av fredag, og sakspapir vert sendt ut til klubbar og lag laurdag.
 - b. Vi samlar innmeldte saker med saker vi sjølve har teke opp, under ei drøftingssak kalla "Turneringsavvikling i krinsen". Under dette set vi søkelyset på
 - i. KM lag: vi tilrår vidare forsøk med sonevis kvalifisering
 - ii. 3.div arrangert i Førde også denne perioden, men innføring av reiseutjamning for å minska ulempene for dei som må reisa. Drøfting om andre spelestader for seinare år.
 - iii. Innspel frå Skogen.
 - iv. Innspel frå Bolstad.
 - v. Om vi får inn tilbod på bruk av Skei som spelestad, vert dette lagt fram under denne saka, til orientering for tinget, og for neste styre å ta stilling til.
3. Det er oppdaga manglande samsvar mellom talet på deltakarar i sone par, og det NBF har registrert. Dette må sjekkast ut, så vi er kreditert med rett tal på deltakarar ved fordeling av Nm-plassar.

Referent: Gunn Angelskår

Årsmelding for NBF Sogn og Fjordane 2008– 2009

Styre og utval i NBF Sogn og Fjordane har vore samansett av fylgjande personar:

Styret

Leiar	Helge Sæterdal	Jølster
Sekretær	Gunn Angelskår	Leikanger
Kasserar	Kai Lille-Homb	Sogndal
Turn.ansv.	Åsbjørn Hegrenes	Førde
Rekrutteringsansv.	Geir Hoff	Førde
Organisering	Torveig Botnen	Førde
Vara til styret:	Arnstein Menes og Frode Holen.	

Valnemnd

Leiar	: Sjur Bøe
	: Hege Kristiansen
	: Audun Skogen

Revisor Tor Henning Mardal Sogndal

Turneringsutval (valde av krinsstyret)

Leiar	Åsbjørn Hegrenes	Førde
	Odd Egil Nygård	Måløy
	Torbjørn Pedersen	Leikanger

Arbeid i krinsen i sesongane 2008 og 2009.

Krinsen besto pr. 31.12.2009 av 27 klubbar og lag med 458 medlemmer. Dette er ein nedgang på ca 80 medlemmer på 2 år. Dette ropar på innsats mot rekruttering, både nyrekruttering og at vi bør ta kontakt att med tidlegare medlemmer.

Styret har i perioden hatt 4 styremøte, 2 har vore telefonmøte, og behandla 17 saker. I tillegg har det vore hyppig kontakt mellom styremedlemmene på telefon, e-post og elles.

Resultat sesongen 2008

Påskebridge i Angedalen 25 par

- 1 Audun Skogen - Paul Henning Loen
- 2 Kjell J. Kvammen - Aslak Hafstad
- 3 Leif Kvamsdal - Helge Sæterdal

Påskebridge i Hafslo 32 par

- 1 Nils Sverre Fardal - Torstein Lomheim
- 2 Kjell Skjeldestad - Espen Forberg

Førdeturneringa 22 par

1. Jan Gjertsen – Jarle Ness
2. Arne Lothe – Leif Arild Lothe

3. Øystein Vasset – Rolf Myren

Rorbubridge i Måløy 22 par

- 1 Øystein Vasset - Jonill Storøy
- 2 Kenneth Skov - Haldor Sunde
- 3 Arve Glomnes - Jan Egil Flo

Gildeturneringa, Førde, 22 par

- 1 Odd Egil Nygård - Arve Gravdal Måløy
- 2 Geir Hoff - Geir Hjelmeland Førde
- 3 Arild Hoff - Geir Angedal Førde

Ålesundmixen

1. Jonill Storøy - Kenneth Skov Førde/Syvde

Lerum cup, Sogndal Bridgeklubb 25 par

1. Kåre Knutsen - Anders Balevik BALESTRAND
2. Magnar Molland - Kai Lille-Homb SOGNDAL
3. Anders Egil Henden - Martin I. Henden NORDFJORDEID - ÅSANE

Sona i Florø 22 par

1. Geir Hoff - Geir Hjelmeland Førde Bk
2. Kenneth Hagmann - Knut Dag Stenevik Florø BK
3. Ivar Lunde - Jonill Storøy Førde Bk

Sona i Hafslo 20 par

1. Sverre Kjos-Wenjum - Jo Ketil Hamrum
2. Nils Sverre Fardal - Hans Hermann Kalhagen
3. Sjur Arne Bøe - Tor Henning Mardal

Sona på Eid 23 par

1. Paul Henning Loen - Jørund Årdal Vikane BK/Sandane BK
2. Odd Egil Nygård - Bjørn Yndestad Måløy BK
3. Arve Glomnes - Kristian Vik Stryn BK

Sona i Vadheim 27 par

1. Synnøve Balevik - Anders I. Balevik Balestrand BK
2. Asbjørn Nordgulen - Rune Loftesnes Gulen og Masfjord BK/Sogndal BK
3. Helge Sæterdal - Jarle Torbjørn Årdal Førde BK

KM – par, finale

1. Kåre Kvamsdal - Leif Kvamsdal
2. Paul Henning Loen - Jørund Årdal
3. Arvid Hauge - Robert Hæreid

KM – lag 10 lag

1. Dale, Nitter
2. Førde, Sæterdal
3. Førde, Hoff

KM – mix 12 par

1. Arild Hoff - Jonill Storøy Førde BK
2. Nina Knudsen - Asbjørn Feten Balestrand BK

3. Jorunn Tennefoss - Sjur Wie

FM Par i klubbane 132 par

- | | |
|---------------------------------------|--------------|
| 1. Bjørn Yndestad - Odd Egil Nygård | Måløy |
| 2. Jostein Obrestad - Inge Aasen | Nordfjordeid |
| 3. Birger Tore Stavang - Geir Pålsrud | Florø |

2. divisjon i Tromsø 12 lag

4 Sogn og Fjordane 1, Hoff: Jens Sagevik, Geir Hoff, Arild Hoff, Geir Hjelmeland

3. divisjon avd. F 10 lag

3 Sogn og Fjordane 3 Vasset

5 Sogn og Fjordane 2 Sæterdal

6 Sogn og Fjordane 5 Storøy

4. divisjon avd.16 Førde 10 lag

1. Dale BK Nitter
2. Høyanger BK/Kyrkjebø BK Sæbø
3. Breim BK Engelstad

4.divisjon avd. 17. Sogn 10 Lag

1. Sogndal BK, Mardal
2. Sogndal BK, Vikesland
3. Skjolden, Bolstad

NM klubbar

Sogndal bk 1 kom til 5.runde.

Mp-treff

Måndag, 305 par

4 Tor Henning Mardal - Gullstein Rørstadbotten Leikanger BL

Tysdag, 496 par

2 Geir Nygård - Tor Hagen Måløy BK

3 Odd Egil Nygård - Bjørn Yndestad Måløy BK

Torsdag, 401 par:

3 Jan Idar Sæbø - Arild Høyvik Balestrand BK

Bedriftsmesterskap på Fagernes 16 lag

6. Hydro Al. Høyanger: Kleiven, Sæbø, Råsberg, Austrheim

8. Fykil : Pedersen, Viland, Lille-Homb, Angelskår

8. Luster Kommune: Lomheim, Fardal, Hamrum, Røneid, Kjos

NM-veka i Lillehammar 2008

NM Mix par

- | | |
|--|----------------------|
| 11 Jonill Storøy - Arild Hoff | Førde BK |
| 89 Tina Ovenstad - Haldor Sunde | Asker BK/Stryn BK |
| 102 Hege Silden - Steinar Pedersen | Måløy BK/Notodden BK |
| 108 Torbjørn Pedersen - Gunn Magni Angelskår | Leikanger BL |

112 Toril Anita Espe - Helge Sæterdal	Førde BK
140 Kenneth Skov - Solfrid Nilsen	Måløy BK/Spar-Ess
155 Asbjørn Feten - Nina Knudsen	Balestrand BK
161 Geir Hjelmeland - Louise Nilsen	Førde BK/Sømna BK
184 Jorunn Tennefoss - Steinar Grøneng	Balestrand BK
198 Synnøve Balevik - Gunnstein Fjellheim	Balestrand BK/Vik BK
209 Lena Stai Bolstad - Jan Frode Bolstad	Skjolden BK
248 Hallbjørg Eidhammar - Ole Jonny Grøneng	Balestrand BK

NM Monrad lag

20 Brødrene Dal	L Langedal, L Kvamsdal, K Kvamsdal, H Sæterdal, J Årdal
23 Levande kvinnfolk og lys	F Sandum, G Harnes, J Gjerde, A B Røneid
23 HafsløBesten	T Lomheim, N F Fardal, H Fardal, N S Fardal, J K Hamrum, S Kjos-Wenjum
34 Jaudå	T Skodje, H Sunde, PHaram, S Holmøy
64 Stumpen	K Berntsen, Ø Vasset, R Nyheim, S B. Farstad, G Hjelmeland
65 undo	T Haugen, H Moe, S Wie, T A Espe, A J Moe, E Forberg, R M Hansen
70 Christian	C Bakke, K Bakke, S Høyland, O Lillebuen, S Flo, R Veland
74 gabagabahey	J Storøy, H Guttormsen, L K. Glærum, H A Forseth

NM Monrad par

45 Helge Sæterdal - Ludvig Langedal	Førde BK
61 Sjur Arne Bøe - Stig Henning Dybdahl	Sogndal BK/Askim BK
130 Odd Egil Nygård - Arve Gravdal	Måløy BK
150 Espen Forberg - Monica Andreassen	Sogndal BK/Kristiansands BK
151 Kai Lille-Homb - Elise Høyland	Sogndal BK/Haugesund BK

NM Junior par

23 Kristoffer Berntsen - Vemund Vikjord Førde BK/Bridgekameratene

NM Mix lag

10 Norges navle	Jonill Storøy, Arild Hoff, Reidar Johnsen, Liv Bugge
12 Ingunn	Haldor Sunde, Lise Blågestad, Ingunn Uran, Kenneth Skov
41 brumle	Nina Knudsen, Synnøve Balevik, Gunnstein Fjellheim, Asbjørn Feten
53 Fjord-Mix	Toril Anita Espe, Steinar Grøneng, Jorunn Tennefoss, Sjur Wie
56 MoXMo	Torbjørn Pedersen, Ellen Røkenes, Jonny Robertsen, Gunn Magni Angelskår
57 Roga-Rockers	Svein Høyland, Finn Robert Nicolaysen, Audhild Vistnes, Ingunn Øverland
65 Nord-Vest Xpressen	Helge Stanghelle, Jan Frode Bolstad, Gerd Marit Harding, Lena Stai Bolstad

NM par

10 Kåre Kvamsdal - Leif Kvamsdal	NBF Sogn og Fjordane
16 Paul Henning Loen - Jørund Årdal	NBF Sogn og Fjordane
73 Arvid Hauge - Robert Hæreid	NBF Sogn og Fjordane

IMPs across the field

- 8 Øystein Vasset - Geir Hjelmeland Førde BK
11 Anders Egil Henden - Martin Ivar Henden Nordfjordeid BK
42 Jonny Gjerde - Arve Bjørn Røneid Skjolden BK/Gaupne BL

NM Veteran par

- 34 Arne Kyrkjebø - Leiv Jørgen Løseth Dale BK
71 Kai Lille-Homb - Arild Høyvik Sogndal BK/Kyrkjebø BK
84 Christian Nitter - Trygve Leirpoll Dale BK

NM Veteran lag

- 9 Tor med hammeren Kai Lille-Homb, Arild Høyvik, Kåre Aasen, Tor Hildre
13 Flekkekatane med Nitter Christian Nitter, Arne Kyrkjebø, Trygve Leirpoll, Leiv Jørgen Løseth
18 Svein og gutta Svein Høyland, Robert Veland, Eldar Sletsjø, Alf Dalland

NM Damer par

- 13 Haldis Guttormsen - Jonill Storøy Heimdal BK/Førde BK
46 Hege Kristiansen - Trine Furunes Førde BK/Pass BK

Patton

- 1 Shortzen Ø Saur, T Røren, H Sunde, J Aabye, A Farstad, O S. Svendsen
9 BRØDRENE og vi L Langedal, A Sæterdal, A Fodstad, J T Årdal, H Sæterdal, A
ANDRE Aarebrot,
24 10 på halv 12 R H Olsen, G Hjelmeland, B I Hanssen, Ø Vasset
33 Bromle H Agersen, G Fjellheim, A Feten, S Balevik
40 Team 7r er gal S H Dybdahl, I Søyland, J Sveindal, S A Bøe, J Gjerde, T Søyland
47 Fjord-mix ÅHegrenes, T A Espe, S Wie, A Hafstad

Andre turneringar:

Ulsteinvik, A

- 3 Øystein Vasset - Haldor Sunde Førde BK/Stryn BK

Ulsteinvik, B

- 6 Per Berge - Jan Erik Vereide Stryn BK - Rygg BK

Askrova

- Kjell Gaute Fyrn - Kenneth Skov, Ski bk/Måløy BK
Øystein Vasset - Geir Hjelmeland, Førde BK
Jarle Torbjørn Årdal - Helge Sæterdal, Førde Bk

Resultat i 2009

Påskebridge i Angedalen 28 par

1. Geir Hoff - Arnt Ola Fidjestøl, Bk Grand
2. Nils Jakob Juklestad - Kenneth Lothe
3. Frode Holen, Breim - Paul Henning Loen, Vikane

Påskebridge på Hafslo 32 par

1. Nils Friis Fardal - Henrik FardalHafslo/Solvorn BK/Horten BK

2. Leif Kvamsdal - Kåre Kvamsdal Førde BK/Årdal BK
3. Stig Rune Kjos - Hans Herman Kalhagen Gaupne BL

Førde turneringa 26 par

1. Geir Hoff - Geir Hjelmeland Førde BK
2. Petter Haram - Tommy Skodje BK Grand
3. Kenneth Skov - Ove Andersbakken Måløy BK/Otta BK

Rorbubridge i Måløy 22 par

2. Arthur Westbø - Haldor Sunde Fosnavåg BK/Stryn BK
3. Arve Henden - Anders Egil Henden Nordfjordeid BK

Lerum cup 29 par

1. Nils Sverre Fardal - Torstein Lomheim Hafslo/Solvorn BK
2. Jens Sjøthun - Steinar Grøneng Balestrand BK

Gildetturneringa 28 par

1. Jens Sagevik - Øystein Vasset Førde BK
3. Henry Solheim - Hroar Kleiven Høyanger BK

Fylkesmesterskapen for par i klubbane 97 par

- 1 Jan Gjertsen - Jarle Ness , Førde
- 2 Øystein Vikesland - Inge Moberg, Sogndal
- 3 Arild Hoff - Jens Sagevik, Førde

Sona i Vadheim 20 par

1. Henning Osen - Trond Austrheim, Høyanger
2. Jan Sæbø - Sven Ove Råsberg, Høyanger
3. Kåre Joar Aasebø - Jan Åge Lund, Jølster

Sona på Hafslo 18 par

1. Leif Kvamsdal - Kåre Kvamsdal, Førde/Årdal
2. Nils Sverre Fardal - Torstein Lomheim, Hafslo/Solvorn
3. Rune Veum - Jonny Gjerde, Gaupne/Skjolden

Sona i Florø 22 par

1. Dagfinn Giil - Terje Stub, Florø BK
2. Magne Svardahl - Ludvig Langedal, Florø BK/Førde BK
3. Geir Hoff - Geir Hjelmeland, Førde BK

Sona på Eid 25 par

1. Haldor Sunde - Kenneth Skov, Stryn BK/Måløy BK
2. Frode Holen - Paul Henning Loen, Sandane BK/Vikane BK
3. Arve Henden - Martin Ivar Henden, Nordfjordeid BK

KM parfinale 36 par

1. Leif Kvamsdal - Kåre Kvamsdal, Førde BK/Årdal BK
2. Frode Holen - Paul Henning Loen, Breim BK/Vikane BK
3. Arve Henden - Martin Ivar Henden, Nordfjordeid BK/Åsane BK

KM – lag 7 lag

- 1 . Førde Gjerde: Gjerde, Hagen, Storøy, Ness, Gjertsen
- 2 . Førde Myhren: Angedal, Myren, Vasset, Lothe
- 2 . Rett side av brua: Årdal, Viglundsson, Henden, Sunde, Nygård

KM-mix 11 par

1. Gunn Magni Angelskår - Torbjørn Pedersen Leikanger BL
2. Milda Rygg Ness - Kåre Ness Sande BK
3. Toril Anita Espe - Helge Sæterdal

KM Singel, 40 spelarar i finalen, 119 i kvalifisering

1. Stig Rune Grønsberg
2. Jonill Storøy
3. Anne Karin Sølvberg

2. divisjon avd Tromsø, 12 lag

8 Sogn & Fjordane 1, Hoff: Jens Sagevik, Geir Hoff, Arild Hoff, Geir Hjelmeland

2. divisjon avd Trondheim, 12 lag

9 Møre og Romsdal 2 Vinjevoll: Vinjevoll, Årdal, Sunde, Skov, Ovenstad

3. divisjon avd. F Førde 10 lag

1. Sogn og Fjordane 4 Storøy
2. Sogn og Fjordane 5 Pedersen
3. Sogn og Fjordane 9 Loftesnes
3. Sogn og Fjordane 3 Sæterdal

4. divisjon avd. 17 Førde lag

1. FLORØ, STENEVIK
2. FØRDE, APELSETH
3. MÅLØY, VEDERHUS

4. divisjon avd. 18 Sogn lag

1. Balestrand, Balevik
2. Hafslø/Solvorn, Hamrum
3. Skjolden/Gaupne, Kjos

NM Klubblag

Høyanger bk 1 kom til 5.runde.

Bedriftsmesterskapen på Fagernes 15 lag

3 Luster Kommune Lomheim, Fardal, Hamrum, Røneid

6 FYKIL II Skjeldestad, Stedje, Backstrøm, Skaar

12 FYKIL I Pedersen, Viland, Lille-Homb, Angelskår

Bergens Storturnering**Mester, 58 par:**

22 Jonill Storøy - Arild Hoff Førde BK

A-pulje, 50 par

2. Asgeir Øvrebotten - Asbjørn Sjursen Florø BK
5. Egil Audun Loftesnes - Audun Skogen Vikane BK

MP-treff:**Måndag, 389 par:**

11 Audun Skogen - Egil Loftesnes, Stryn BK

Tysdag, 556 par:

30 Geir Hoff - Geir Hjelmeland, Førde BK

Torsdag, 417 par:

25 Ola A. Skrede - Vemund Bergset, Nordfjordeid BK

NM-veka på Lillehammer 2009

NM Mix par

- 12 Arild Hoff - Jonill Storøy
- 31 Øystein Vasset - Lisbeth K. Glærum
- 38 Haldor Sunde - Tina Ovenstad
- 41 Helge Sæterdal - Toril Anita Espe
- 58 Tove Haugen - Geir Hjelmeland
- 95 Jan Frode Bolstad - Lena Stai Bolstad
- 101 Hege Charlotte Faber - Espen Forberg
- 107 Synnøve Balevik - Gunnstein Fjellheim
- 194 Torbjørn Pedersen - Gunn Magni Angelskår
- 219 Hege Kristiansen - Kjell Skålevik

NM Mix lag

- 16 W C Trickmachines L Blågestad, I Uran, K Skov, H Sunde
- 26 Norges navle L Bugge, J Storøy, A Hoff, R Johnsen
- 32 HMSW S Nedrebø, H Sundland, M Lindstrøm, W Myhre
- 52 KGB-S B Svela, G Fjellheim, S Balevik, K Kjosaa
- 55 Just presis G M Angelskår, B Rubach, O Midtbø, T Pedersen
- 69 Vincent I L Wold, P A Vincent, S Høyland, A Vistnes
- 77 Fjordmix H Kristiansen, T A Espe, S Wie, Å Hegrenes, J Tennefoss, S Grøneng

NM Monrad par

- 14 Geir Hjelmeland - Geir Hoff
- 32 Sjur Arne Bøe - Thor Erik Hoftaniska
- 83 Helge Sæterdal - Ludvig Langedal
- 100 Kai Lille-Homb - Arne Bjerke

Patton

- 7 RKK D J Stokkvik, H A Forseth, J A Paulsen, G Harr, T E Hoftaniska, M Andreassen, S A Bøe, T Baardsen
- 13 Dum Dum Boys Ø Vasset, A Seim, A Hoff, K Edvardsdal, F O Sandvik
- 18 Sæterdal H Sæterdal, L Langedal, S-O Høyland, M Eide
- 19 botolv A B Røneid, R Veum, J Gjerde, J K Hamrum, S Rune Kjos
- 41 FJORDMIX S Wie, T A Espe, R Aaland, T Høyvik, J Gjertsen, Å Hegrenes
- 47 AHA A Feten, H Agersen, S Balevik, G Fjellheim

NM Damer

- 32 Haldis Guttormsen - Jonill Storøy

Damer Lag

- 2 Trønderhav Sognefjord J Storøy, H Meland, T Stoen, E Falstad Flått, H Guttormsen, A M Grønnesby

Veteran lag

- 1 Fjalergutane C Nitter, A Kyrkjebø, T Leirpoll, L J Løseth
- 10 TEAM DONALD K Ruud-Hansen, K Lille-Homb, O Granøien, R Larsen

12 Vincent

P A Vincent, J T Årdal, A Høyvik, S Høyland

NM Veteran par

3 Jarle Torbjørn Årdal - Arild Høyvik

19 Arne Kyrkjebø - Leiv Jørgen Løseth

43 Christian Nitter - Trygve Leirpoll

54 Jens Sjøthun - Olav Fimreite

70 Kai Lille-Homb - Arne Bjerke

IMP across the field

2 Arild Hoff - Øystein Vasset

NM Monrad lag

6 Rubb og stubb H Sunde, S Holmøy, T Bårdsen, J K Lutro, M Eide, T A Nitter

27 Hoffa J Storøy, G Hjelmeland, Ø Vasset, A Hoff, G Hoff

41 Brødrene Dal K Kvamsdal, H Sæterdal, J T Årdal, L Kvamsdal, L Langedal

53 Hafsløbesten N S Fardal, T Lomheim, H Fardal, J K Hamrum, N F Fardal, S Kjos-Wenjum

NM Par

38 Geir Hjelmeland- Geir Hoff

41 Kenneth Skov - Haldor Sunde

45 Arve Henden - Martin Ivar Henden

47 Kåre Kvamsdal - Leif Kvamsdal

69 Frode Holen - Paul Henning Loen

85 Ivar Engelstad - Knut Fammestad

Eignelutar pr. 31.12.2009 med anteken verdi og lagringsplass:

1 stk Dubleringsmaskin med printer og PC (Ute av drift)	2.000 Leikanger
2000 kortstokkar med mappe tilg ml maskin	5.000 Kaupanger
16 koffertar til transport	1.000 Leikanger
140 meldeboksar i kassar	10.000 Førde Hotell
½ dubleringsmaskin (sameige Førde bk)	1.000 Førde bk
Dubleringsmaskin (ny) sameige med 5 klubbar i Indre Sogn	20.000 Leikanger
1500 Kortstokker m/hardplastmapper (sameige)	20.000 Leikanger
20 kassar til mapper	1.000 Leikanger
2.000 kortstokker	<u>25.000 Leikanger</u>

Samla sum:

85.000 kr

Dei 2 siste åra har det vore ein minkande aktivitet i krinsen som elles i landet. Fleire opne turneringar har vorte avlyste siste åra grunna låg påmelding, andre har ikkje lenger forsøkt å invitara.

Til dømes er deltakinga i KM par i 2009 redusert frå 104 i 2007, til 85 par som deltok i sonemeisterskapane. Vi slit framleis med deltakinga på KM mix, men sett ut frå at mellom 20 og 25% av alle kvinnelege medlemmer deltek, er det kanskje ikkje så gale. Deltakinga i divisjonsspelninga minkar mindre, medan vi slit meir med KM lag. Forsøk på sonevis kvalifisering i lag, har ikkje heilt lukkast, men bør prøvast att med noko justering før ein gjer konseptet opp.

Forutan styret har desse personane delteke aktivt:

Knut Skorpen har vore tevlingsleiar i dei fleste turneringane til krinsen og gjort ein god jobb. Jonill Storøy har i perioden takka for seg i arbeidet med heimesida til krinsen, og styret vil takka henne for arbeidet ho har lagt ned. Styret vil og takka Torbjørn Pedersen for innsatsen med den nye heimesida.

Krinsen har kjøpt nytt dubleringsutstyr saman med 5 klubbar i Sogn. Dette vert brukt både til krinsturneringar, i sona, i dei eigande klubbane, og dels av andre klubbar i området.

For å gjennomføre krinsen sine turneringar gjer Åsbjørn Hegrenes ein svært god innsats. I tillegg fortener dei to andre medlemmene i turneringsutvalet, Torbjørn Pedersen og Odd Egil Nygård, stor takk for det arbeidet dei gjer med turneringar og registrering av krinspoeng.

Krinsen deltok på bridginget i 2008, representert ved Kai Lille-Homb, og på krinsleiar møtet i 2009, representert ved Helge Sæterdal.

Rekrutteringa har ikkje vore spesielt god dei siste to åra, krinsen sett som heilskap.

Einskildklubbar har likevel lagt ned ein heil del arbeid, mellom anna Skjolden. Rekruttering må likevel vere det nye krinsstyret sitt satsingsområde, både ved kursing av nye personar, og ved å ta kontakt att med tidlegare medlemmer.

Hausten 2004 inngjekk krinsstyret ein avtale med Førde hotell om å arrangere krinsen sine turneringar i Førde på hotellet og denne avtalen er vidareført også denne perioden. Dette lettar arbeidet til styret mykje. Vi har fått nokre tilbakemeldingar som er kritiske til pris og service.

Lokalet i seg sjølv er likevel godt, og det spørst om ein klarer å få betre totaltilbod andre stader. Om ein skulle klara å finna rimelegare lokale, som ein gjer i Sogn og andre stader, krev dette stor innsats frå eldsjeler – noko som kan vera vanskeleg å sikra til rett tid i det lange løp.

Men vi får tilbakemeldingar på at det kostar for mykje å delta, gjennom medlemsavgift, reiser, overnatting og deltakaravgifter utan at medlemmene flest ser kva dei får att. I høve dette må vi halda fram arbeidet for å halda kostnadane på eit moderat nivå, og synleggjera for medlemmene kva dei får att for medlemsskapet.

Styret ser attende på to år med ei ryddig økonomioversikt og nøktern drift. Dei fleste klubbane skal ha ros for at dei er flinke til å komme med tilbakemeldingar og å gjere opp for seg.

Helge Sæterdal (s)

Kai Lille-Homb (s)

Åsbjørn Hegrenes (s)

Geir Hoff (s)

Torveig Botnen (s)

Gunn M Angelskår (s)